



Alver kommune v/ Landbruksavdeling
Laila Bjørge
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6816 - 22/4148

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
18.01.2022

Oversender søknad til uttalelse - gbnr 131/21 Remme

Tiltak: etablering av kommunal vassleiding
Byggjestad: Gbnr: 131/21
Tiltakshavar: Alver kommune
Ansvarleg søkjar: Sweco Norge AS

Saka gjeld søknad om etablering av kommunal ringleidning. Søknad er delt i to grunna to ulike entreprisar. Denne søknaden omfattar del av ringleidning som leggast på land og leiar ut i sjø, omtalt som B1.

Planstatus

Den del av tiltak som er på land ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Knarvik, Alver og Alversund sin arealdel er definert som LNF. Delar av tiltak som er i sjø ligg med arealføremål bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Tiltak er vidare plassert innanfor den indre farleia, som er omsynssone for kulturmiljø jf. føresegn 4.2.4 bokstav b) i kommunedelplan.

Delar av tiltak fell innanfor reguleringsplanen «Alverstraumen (Rognaldsen Bakeri) gnr. 132 og 133» vedtatt 16.09.04. Den del av tiltak som er omfatta av reguleringsplanen ligg i område avsett til «FG felles parkering». Søkjar legg til grunn at etablering av leiding ikkje vil påverke verken framtidig eller eksisterande bruk av dette arealet.

Det går fram av naturbasen at det er gjort ulike registreringar av fugl med nasjonal forvaltningsinteresse i området. Søkjar viser til at tiltak ikkje er i direkte tilknytning til registreringane, og at det uansett ikkje vil påverke hekketida.

Det er søkt om dispensasjon frå arealføremål LNF.

VURDERING

Tiltak ligg i gul omsynssone for vegstøy jf. føresegn 2.7.6 i kommunedelplan. Det er lagt til grunn at tiltak ikkje vil føre til endringar som vil påverke den anbefalte grensa for støy i T-1442, ettersom tiltak leggast under bakken og ikkje genererer støy.

Tiltak ligg innanfor byggegrense mot sjø. Administrasjonen si vurdering er at tiltak er i tråd med kommunedelplan føresegn 2.6.1, slik at det ikkje er naudsynt med dispensasjon frå byggegrense. Ber om tilbakemelding på om tiltak krev løyve etter vassressurslova.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Folgebrev_Søknad om dispensasjon for LNF til utsending

13_ Situasjonsplan

14_ Tegning ny plan_VA-120

17_ Følgeskriv til søknad om etablering av VA-ledning i Alverstraumen

Tillatelse til etablering av ledninger i sjø for drikkevannsforsyning - Alverstraumen - Alver kommune - Vestland fylke

20_ Redegjørelse grunnforhold Vedlegg 5 - Rapport fra grunnundersøkelser

Mottakarar:

Alver kommune v/ Landbruksavdeling	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Bergen Havn AS	Postboks 6040	5892	Bergen
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen